

P.NR	PROSJEKT	Økonomiplan 2023-2026			
		2023	2024	2025	2026
	<i>Oppdatert etter vedtak i kommunestyre 15.12.2022</i>	heile 1000	heile 1000	heile 1000	heile 1000
	<b>110 Rådmann</b>				
20116	<b>Vangen kyrkje</b>		300		
	Henving av terreng kyrkjegard Vangen kyrkje				
20224	<b>IKT - investeringar (2020)</b>	2200	2000	2000	2000
	IKT - investeringar				
	<b>120 Kultur</b>				
20112	<b>Dagsturhytte</b>		200		
	Prosjektet omfattar steinlegging av sti på sårbare punkt.				
20118	<b>Ny inngang trimrommet- idrettshall</b>	9 000			
	Realisering av tidlegare utarbeidd konsept for inngang og hall. Tiltaket må sjåast i samanheng med AIS kulturstove. Når prosjektet er gjennomført kan realisering av AIS kulturstove settast i gang. Fullfinansiering av tiltaket i 2023 utløyser tilsegn om spelemidlar.				
20119	<b>Nærmiljøanlegg Leikeplassar</b>	500			
	Oppgradering av eksisterande anlegg, jf, notat om behov for oppgradering av leikeplassar og KS vedtak. Realisering av leikeanlegg Flåm. Sjåast i samanheng med ned og oppbudsjettering av midlar frå 2022.				
	<b>AIS-kulturstove</b>		500	4 000	
	Eit omfattande prosjekt som krev oppdatering av planløyising (konsept/forstudie) og søknad om spelemidlar. Prosjektet må sjåast i samanheng med ny inngang trimrom-idrettshall. Organisering og gjennomføring i samsvar med gjeldande investeringsreglement. Fullfinansiering av prosjektet utløyser tilgang til å søke om spelemidlar.				
	<b>210 ABU</b>				
20113	<b>Nærmiljøanlegg ABU</b>	850			
	Oppstart av nytt nærmiljøanlegg startar november 2022. Avsette midlar tilpassa innkomme tilbod og tildelt arbeid. Ferdigstilling mai 2023.				
	<b>220 Flåm skule</b>				
	<b>Bygningsmessig oppgradering Flåm skule -oppvekstsenter</b>		1500	3500	
	Prosjektet må sjåast i samaheng med omstillingsprosjekt i kommunen. Prosjektet vert ikkje sett i gang før endeleg politisk vedtak om oppvekstsenter etter ugreiingsarbeid som no er sett i gang(prosessvedtak). Prosjektet omfattar bygningsmessige tiltak, ny og oppgradert VA struktur og uteområde med nærmiljøanlegg. 1,5 mill i 2024 omfattar i hovudsak prosjektering og gjennomføring av ny VA struktur.				
	<b>310 Pleie og omsorg</b>				
20001	<b>Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg</b>	62 000			
	Gjennomføring av nybyggdel ved Aurland helsetun. Prosjekt og framdrift er i samsvar med sentralt styringsdokument for prosjektet. Hovuddelen av kostnader vil kome i 2023 og det er gjort endringar i tertial der midlar er flytta frå 2022 til 2023.				
	<b>Bygningsmessige tiltak- omstilling og samlokalisering</b>	200	7 000	7 000	
	Ombygging av bygningsmasse til blant anna demensavdeling. Prosjektet må sjåast i samanheng med omstillingsprosjekt og effektiv bruk av bygningsmasse innan helse. Det blir sett av midlar i 2023 til forstudie som grunnlag for konseptval i samsvar med investeringsreglement.				
	<b>Inventar nybygg Aurland helsetun</b>	2 000			
	Prosjektet må sjåast i samanheng med bygningsmessige tiltak Aurland helsetun. Det er behov for å køyre dette som eit eige prosjekt og sette av naudsynte midlar for innkjøp av inventar til den nye bygningsmassen.				
	<b>500 Teknisk</b>				
	<b>Va anlegg</b>				
	<b>Vassbygdi</b>				
	<b>Høgdebasseng Midje cote 135</b>		1 800		
	Nytt høgdebasseng for busetnad i Vassbygdi. Anlegget vil og gje betring av branntryggleik for trehusbebyggelsen.				
	<b>VA Veim - Midje cote 135</b>			3500	
	VA struktur mellom Veim bustadfelt og høgdebasseng Midje.				
	<b>Framføring av vassleidning til Bellsbakken (Vassbygdi)</b>				1000
	Tilkopling av busetnad på Bellsbakken til offentleg VA. Føreset dialog og avtale med bebuarar og Hafslund E-CO Energi AS.				
	<b>Aurland</b>				

20101	<b>VA anlegg Lindølagrovi - Klokkargården</b>	1 300			
	Vidareføring av VA mellom Lindølagrovi og Klokkargården. Anlegget er naudsynt for å ta hand om overflatevatn og sikring av 2-sidig vassforsyning for Ty. Det blir utarbeidd grunnlag for anbodsgrunnlag.				
	<b>Rehabilitering VA Klokkargården</b>		2500		
	Rehabilitering av eksisterande VA. Anlegg er av eldre dato og har behov for oppgradering som følgje av mellom anna utbygging på Ty. På grunn av manglande kapasitet på overvassleidninga har det vore overvatnproblematikk i Klokkargården.				
22003	<b>VA Rådhuset - Trudvang- Hopen</b>	1 700			
	Utbygging av VA struktur på strekninga. Oppstart desember 2022, ferdigstilling mai 2023.				
	<b>Framføring av vassledning Ytstebøen-Klokkargården</b>				3500
	Etablering av tosidig vassforsyning mot Høydalen og Ty. Deler av trase utførast med retningsstyrt boring frå Ytstebøen mot Klokkargården.				
	<b>Høgdebasseng Utbygdi (i samband med Ty)</b>			3 500	
	Utskifting av høgdebasseng i Høydalen, som i dag har for liten kapasitet og manglande tetting. Etableringa kjem som følgjekonsekvens av utbygging av øvre del av Ty – del 2.				
	<b>VA Aurlandsvengen</b>				3000
	Rehabilitering av VA struktur i sentrum.				
	<b>Slutføring rehabilitering av VA Øvregata - Bjørgavegen</b>		1 500		
	Det er utført rehabiliteringsarbeid i samband med VA til Ryggjatun. Det må slutførast arbeid med rehabilitering av VA struktur fram til Bjørgavegen. Prosjektet blir i samarbeid med Sygnir.				
	<b>Flåm</b>				
20108	<b>Høgdebasseng Fretheimshaugane</b>	1 000			
	Anbudsprosess november 2022 for gjennomføring av totalentrepise for nytt høgdebasseng. Forsyning av nytt bustadfelt, eksisterande næring og ny planlagd utbyggingar. Gjennomføring i 2023.				
	<b>Renseanlegg Flåm sentrum</b>			3000	
	Utviding av eksisterande reinseanlegg for å ta hand om auka volum på avlaupsvatn og nye krav til utslepp i fjorden. Tiltaket vert samordna med Aurland Hamnevesen sine planar for landstraum.				
	<b>VA Brekkefossen- Flåm samfunnshus</b>			3000	
	Ny VA struktur for å kunne sikre tosidig VA i området, dimensjonert for å handtere aktivitet i området.				
	<b>VA Tjødni - Flåmsdalsvegen</b>				1000
	Prosjektet omfattar utskifting av VA struktur frå Tjødni.				
	<b>Undredal</b>				
	<b>Framføring VA - Utviding av Hjødna bustadfelt</b>				1000
	Naudsynt framføring av VA for dimensjonering for å handtere eksisterande busetnad, samt tilrettelegging for utviding av bustadfelt i samsvar med vedteken reguleringsplan for Undredal.				
	<b>Gudvangen- Bakka- Skjerpung</b>				
	<b>Høgdebasseng Skjerpung</b>	1500			
	Nytt høgdebasseng Skjerpung. Skjerpung er det mest sårbare punktet på VA struktur i kommunen og det er naudsynt å sikre tilstrekkeleg kapasitet i løpet av 2023.				
	<b>Høgdebasseng og borebrønn Gudvangen</b>			3000	
	I 2020 vart vassverket forureina og det vart innført kokepåbod delar av året. Tiltaket er naudsynt for å auke kapasitet som følgje av næringsetableringar i Gudvangen sentrum. Etablering av eit nytt høgdebasseng ved sidan av eksisterande og behandlingsanlegg for UV.				
	<b>Utviding VA Bakka</b>		1 500		
	Utviding av VA struktur på Bakka for knyte fleire eigedomar på offentleg VA nett. Dette etter innspel frå Bakka grendalag.				
	<b>Kommunale vegar</b>				
	<b>Utviding av fortau Ungdomshuset - Hopen</b>			2500	2500
	Tiltaket er eit av attståande tiltak i kommunedelplan for veg og trafikktrygging som ikkje er utført. Strekninga er eit av dei mest trafikkfarlege områda kommunen har, samtidig som det er mest trafikkert i høve mjuke trafikantar mellom sentrum og skule/barnehagar. Utviding av gangveg vil bidra til at syklistar brukar denne i staden for fylkesveg. Forankring av kommunen sitt bidrag i prosjektet vil bidra til å kunne søkje om medfinansiering frå Vestland fylkeskommune som vegeigar.				
20004	<b>Oppgradering kommunale bruer</b>			1500	

	Naudsynt oppgradering av kommunale bruer jf tilstandsvurdering av bruer utført av Safe Control AS.				
<b>20047</b>	<b>Parkeringstiltak Aurland parkering</b>	5 800	2000		
	Gjennomføring av parkeringstiltak i samsvar med vedteken parkeringstrategi, kommuneplan og reguleringsplan.				
<b>20048</b>	<b>Tiltak trafikksikringsplan</b>	300	300	300	300
	Gjennomføring av trafikktryggleikstiltak i samsvar med kommunedelplan for veg trafikktrygging. Tiltaka omfattar mindre tiltak som rekkverk, skilting, justeringar i vegbane og siktsoner, samt fartsdempande tiltak.				
	<b>Utskifting av maskiner og utstyr teknisk, jf utskiftingsplan</b>	3 200	3150	2750	2300
	Etablering av maskinfond i samsvar med strategi i omstillingsprosjekt. Maskiner/bilpark og utstyr til drift av veg, bygg, VA, park og køyretøy innan Aurland brannvern, er gammalt og prega av stor slitasje. Det er laga plan for naudsynt utskifting. For 2023 er det i utskiftingsplanen fastsett innkjøp av maskiner til parktenesta som er under oppbygging, to tenestebilar og traktor. Eit viktig punkt å ta med i utskiftinga er at leveringstida på ny traktor er to år frå bestilling.				
	<b>Oppgradering kommunale vegar, jf hovudplan</b>	2 500	2 500	2500	2500
	Naudsynte midlar for oppgradering av kommunale vegar jf tiltak og tilstandsvurdering i hovudplan for veg av 2022. Hovudplan syner eit etterslep på kr 40 mill for å løfte kommunale vegar til god standard. Gjennomføring av delprosjekt i samsvar med investeringsreglement. I hovudplan er det definert ein handlingsplan s 35 som omtalar prioriterte vegar.				
	<b>Aurland</b>				
<b>20003</b>	<b>Turveg Heggviki - Bøen (2020)</b>	1 000			
	Grunnerverv pågår, klarlegging av grenser og frådelingar vert utført fortløpande. Det er søkt om anleggsbidrag til SVV. Positivt tilsegn og storleiken på anleggsbidraget vil vera avgjerande for om kommunen går vidare med prosjektet. Dersom positivt tilsegn vert det førebudd finansieringssak til kommunestyre, før gjennomføring av totalentreprise.				
	<b>Sikringstiltak Gjerløwkløvi- kommunal veg</b>				1500
	Sikringstiltak av mur på kommunal veg i Gjerløwkløvi.				
	<b>Utskifting av støttemur Doktorbrekka</b>	500			
	Ustabil mur. Hastetiltak for riving og oppsett av ny mur. Oppstart riving i eigen regi i 2022.				
	<b>Flåm</b>				
	<b>Rehabilitering av natursteinsmur Flåmsdalvegen</b>		2 500		
	Rehabilitering av mur langs Flåmsdalvegen mellom Leina og Flåm kyrkje. Det er registrert rørsler i terreng og mur og det vil vera naudsynt å gjennomføre reahabilitering av mur. I samband med rehabiliteringsarbeidet kan det vera aktuelt å sjå på mindre justeringar av vegbreidde, møtelommer osv.				
	<b>Utviding Indrelivegen. Parsell Flåmsdalvegen- Håreina</b>				2000
	Oppgradering av parsell Flåmsdalvegen - Håreina i samsvar med vedteken reguleringsplan.				
	<b>Tursti Brekkehagen - Flåm skule</b>		1 500		
	Gjennomføring av reguleringsplan for området. Berørte eigedom har vore i jordskifteretten i høve avklaringar av manglar i kart og uklare eigedomsforhold. Prosjektet omfattar forhandlingar og grunnererv, prosjektering og utbygging. Gjennomføring føreset semje om kjøp av eigedom til utbygginga.				
	<b>Undredal</b>				
	<b>Gatetun trafikktiltak Undredal sentrum</b>	1 500			
	Gjennomføring av reguleringsplan for Undredal sentrum. Viser til omtale i reguleringsplan.				
	<b>Idrettsanlegg</b>				
	<b>Rehabilitering Aurland stadion løpebaner (kunststoffdekke)</b>			1 000	
	Nytt kunststoffdekke på løpebana Aurland stadion. Dagens løpebane er prega av stor slitasje og må rehabiliterast. Fullfinansiering i 2025 opnar opp for søknadsprosess i høve spelemidlar.				
	<b>Rehabilitering Aurland stadion - ny kunstgrasbane</b>	7 000			
	Etablering av kunstgrasbane på Aurland stadion, inkludert nytt vatningsanlegg. Søknad om spelemidlar for 2023.				
	<b>Kommunale bustadfelt</b>				
<b>20021</b>	<b>Overtaking Ytstebøen bustadfelt</b>	500			

	Slutføring av retting av feil og manglar og asfaltering i bustadfeltet. Signering av avtale om refusjon frå enkelte grunneigarar står att. Oppstart av arbeid november 2022, ferdigstilling mai 2023.				
<b>20038</b>	<b>Sikringsprosjekt Hallinggrovi (2020)</b>	2 100			
	Sikring og etablering av flaumvoll/elveforebygging av Hallinggrovi.				
<b>20114</b>	<b>Opparbeiding Ty - utbygging</b>	2 000			
	Opparbeiding pågår med forventta ferdigstilling til sommaren 2023. 11 bustadtomter er frådelt og tinglyste. Midlar handtert gjennom ned og opp budsjettering, i tillegg til tilleggsløyving 2023. Dei regulerte tomteområda innanfor planen vil krevje samordna utbygging på grunn av krevjande terreng, geotekniske tilhøve og tilkomst.				
	<b>Smiebakken bustadfelt</b>			7000	
	Tomtestudie, detaljprosjektering og utbygging av dei første tomtene i 2025, gjennomføring av resten av feltet i neste planperiode, prosjektplan for gjennomføring av deler av feltet er utarbeidd og prosessen kan følgje milepålar og framdrift fastsett i denne. Det pågår prosess for søknad om frådelling og oppmåling, for gjennomføring av kjøpsavtale som sikrar vegtilkomst over Vinjane, samt parsellering av bustadfeltet i samsvar med reguleringsplan. Vegtilkomst over Vinjane er forprosjektert og det er utført mindre endring av plan i 2016 som oppdaterer planen i samsvar med detaljprosjektert løysing				
	<b>Fortetting eksisterande bustadfelt</b>				2000
	Planlegging, prosjektering og gjennomføring av fortettingsprosjekt forankra i ny kommuneplan sin arealdel og strategiar i samfunnsdel. Det vil vera behov for tiltak knytt til veg, vatn, avlaup og terrengarbeid.				
	<b>Næringsareal</b>				
	<b>Flaumsikring Vassbygdi industriområde</b>			7500	
	Gjennomføring av naudsynt flaumsikring av industriområde i Vassbygdi. Tiltaket er detaljprosjektert. Er tilrådd utført i 2025 på grunn av avklaringar i høve endring i flaumsoner som følgje av utfylling av massar frå Lærdalstunnelen, samt total investeringsaktivitet i kommunen for 2023 og 2024.				
	<b>Ymse tiltak</b>				
<b>20111</b>	<b>Elvekryssing Flåmsdalsvassdraget</b>			500	
	Kommunalt bidrag for elvekryssing i samband med etablering av landstau i regi av Aurland Hamnevesen KF.				
	<b>Generell oppgradering Infrastruktur</b>	500	2000	2000	2000
	Oppgradering av infrastruktur knytt til straum. Prosjektet omhandlar tilrettelegging av straum til tiltak i Undredal i 2023..				
<b>20123</b>	<b>Miljøtiltak Flåmsvassdraget</b>	1 000			
	Norge har utarbeidd tiltaksplan med leveranse til kommunen november 2022. Gjennomføring og overvaking av miljøtiltak i Flåmsvassdraget, i samsvar med prosjektplan. NVE har gjeve tilskot på kr 1,4 mill til prosjektet.				
	<b>Sum</b>	<b>110 150</b>	<b>32 750</b>	<b>60 050</b>	<b>26 600</b>